

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rosslund Fløysand	FA - U62	17/2994

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
22/2018	Formannskapet	PS	14.03.2018

Søknad om nytt salsløyve etter eigarskifte for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet fram til 30.09.2020 - REMA 1000 Frekhaug

Vedlegg:

Plantegning - Rema 1000 (L)(229734)

Saksopplysningar:

Frekhaug Dagligvare AS ved Aleksander Vågenes har i søknad d. 29.01.18 søkt om nytt salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet fram til 30.09.2020, i butikklokalet , stort 1.278 kvadratmeter, til REMA 1000, Nordgardshaugen 1, 5918 Frekhaug.

Aleksander Vågenes er ny eigar av Frekhaug Dagligvare AS.

Aleksander Vågenes er styrar for salsløyvet og Bjørn Johnny Vågenes er vikar for styrar.

Varesortimentet er daglegvarer. Opningstida er frå kl 07.00 til kl. 23.00 på kvardagar og frå kl. 08.00 til kl. 21.00 på laurdagar.

Vurdering

Saka har vore til uttale hjå Nordhordland lensmannsdistrikt og Nordhordland kemnerkontor i høve til vandel og det er ingen merknad.

Styrar for salsløyvet Aleksander Vågenes og vikar for styrar Bjørn Johnny Vågenes har bestått kunnskapsprøve i samsvar med Alkoholova § 1-7c.

Framlegg til vedtak:

I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkoholova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner formannskapet at:

1. REMA 1000, Frekhaug får salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent(alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20
2. Aleksander Vågenes er styrar for salsløyve og vikar for styrar er Bjørn Johnny Vågenes
3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar

Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar

Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før

Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00.

Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar månad året etter

Formannskapet - 22/2018

FS - behandling:

FS - vedtak:

I medhald av Alkoholpolitisk handlingsplan 2016-2019 for Meland kommune og Alkohollova §§ 1-4a, 1-4b, 1-7c, 3-1 andre ledd og 3-7 godkjenner formannskapet at:

1. REMA 1000, Frekhaug får salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent(alkoholhaldig drikk gruppe 1) i butikklokalet, stort 1.278 kvadratmeter, i tidsrommet 01.10.16 til 30.09.20
2. Aleksander Vågenes er styrar for salsløyve og vikar for styrar er Bjørn Johnny Vågenes
3. Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 20.00 på kvardagar
Salstida vert frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar
Påske-, pinse-, jule- og nyttårsafta er salstida frå kl. 09.00 – kl. 15.00 og dagen før
Kristi Himmelfartsdag er salstida kl. 09.00 til kl. 20.00.
Sal og utlevering av drikk i gruppe 1 skal ikkje skje på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai

Salsløyvet vert gitt fram til 30.09.2020

4. Oversikt over alkoholomsetning for alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal sendast til kommunen kvart år innan utgangen av februar måned året etter